

Medlemmane i fylkestinget

## Konstituerande møte i fylkestinget 20. oktober 2015

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til konstituerande møte i fylkestinget

### 20. oktober 2015 kl. 10.00 på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa

I samsvar med dette og i medhald av Kommunelova av 25. september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget.

Det er lagt opp til slikt førebels program den **19. oktober**:

- kl. 12.00 Utlevering av pc-ar
- kl. 13.00 Felles opplæring/innføring i bruk av pc
- kl. 15.00 Eventuelle gruppemøter.

IKT er til stades resten av dagen og 20. oktober for spørsmål/veiledning.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: knut.henning.grepstad@sfj.no, med kopi til marit.silje.husabo@sfj.no  
Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte måndag 19. oktober 2015. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølve ved innkalling til gruppemøte. Det er tinga overnatting på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa. Dersom du ikkje ynskjer overnatting, gje beskjed til hotellet på tlf. 57 83 40 00. Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 20. oktober.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn de i "Arbeidsvilkår for folkevalde" på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – under Folkevald styring. Kap. 6 lyder: "Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise".  
Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg i sakene som skal handsamast vert publisert på heimesida – [www.sfj.no](http://www.sfj.no) - under fana politiske saker. Ta kontakt med Marit Silje Husabø dersom du ikkje har moglegheit for å lese sakene på heimesida.

Med helsing

Åshild Kjelsnes  
Fylkesordfører

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*